

# Vekeplan 10. trinn

# Veke 2 og 3

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	<ul style="list-style-type: none"><li>• <b>10C:</b> vita kva ei novelle er og korleis eit manus ser ut</li><li>• <b>10A, B, D:</b><ul style="list-style-type: none"><li>○ vita kvifor me har to skriftspråk i Noreg</li><li>○ Kunna seia noko om Knud Knudsen og Ivar Aasen</li></ul></li></ul>
Engelsk	<ul style="list-style-type: none"><li>• Lesa, skriva og snakka om den engelskspråklege verda og om engelsk som eit verdsspråk</li><li>• Reflektera kring engelsk si plass i verda</li><li>• Lesa, skriva og snakka om landa Nigeria, Sør-Afrika og Australia</li><li>• Ta i bruk passande kjelder, gi korrekte kjeldetilvisingar og laga ei komplett kjeldeliste</li><li>• Skriva sitat med korrekte kjeldetilvisingar</li></ul>
Matematikk	Læra om <ul style="list-style-type: none"><li>• funksjonar og funksjonsuttrykk</li><li>• lineære funksjonar med stigningstal og konstantledd</li><li>• brøk-, andregrads- og eksponentialfunksjonar</li><li>• praktisk arbeid med ulike funksjonar og grafar</li><li>• korleis vi kan bruka og laga matematiske modellar</li></ul>
Samfunnsfag	<ul style="list-style-type: none"><li>• Kunna gjera greie for årsaker til, og konsekvensar av terrorhandlingar og folkemord, som holocaust</li><li>• Kunna reflektera over korleis ekstreme haldningar og ekstreme handlingar kan førebyggjast</li></ul>
KRLE	<ul style="list-style-type: none"><li>• Utforska og presentera religiøst mangfold og religiøse praksis utanfor etablerte religionssamfunn. Eks: Alternativbevegelsen</li><li>• <b>10C og A:</b><ul style="list-style-type: none"><li>○ Kunna seia noko om den katolske og ortodokse kyrkja</li><li>○ Vita kva reformasjonen er</li><li>○ Vita kven Martin Luther er</li></ul></li></ul>
Naturfag	<ul style="list-style-type: none"><li>• Gje døme på korleis arealinngrep og klimaendringar påverkar det biologiske mangfaldet</li><li>• Gje døme på forureining og gjera greie for korleis miljøgifter påverkar oss og naturen rundt oss</li><li>• Diskutera positive og negative konsekvensar av menneskeleg påverknad</li></ul>
Spansk	<ul style="list-style-type: none"><li>• Spansktalende land</li><li>• Veret</li><li>• Skildring av byar</li><li>• Planar</li></ul>
Tysk	<ul style="list-style-type: none"><li>• Å bruka preposisjonar med akkusativ, dativ</li><li>• Læra meir om Tyskland, Austerrike og Sveits</li><li>• Å seia noko om reiser om opplevingar</li></ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Å seia kvar noko eller nokon er/skal</li> </ul>
<b>Arbeidslivsfag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Undersøka behov for varer og teneste på skulen og i lokalsamfunnet</li> <li>• Kunna planleggja praktiske og yrkesretta arbeidsoppdrag</li> <li>• Kunna produsera og levera varer og teneste etter kvalitetskrav</li> <li>• Bruka fagbegrep, arbeidsmetodar, verktøy, materiale og teknologi tilpassa arbeidsoppdrag</li> </ul>
<b>Kroppsøving</b>	<p>Basis:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Trena på og utvikla ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar</li> <li>• Trena på og utvikla ferdigheiter i lagidrettar og alternative bevegelsesaktivitetar</li> </ul> <p>Symjing:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Forstå og gjennomføra livreddande førstehjelp</li> </ul> <p>Innsats:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Praktisera innsats ved å bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre</li> <li>• Prøva å løysa faglege utfordringar etter beste evne utan å gje opp, visa sjølvstende, utfordra din eigen fysiske kapasitet og samarbeida med andre</li> </ul>
<b>K&amp;H</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• læra å utvikla løysingar gjennom ein stegvis designprosess og vurdere haldbarheit, funksjon og estetisk uttrykk</li> </ul>
<b>Musikk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• læra fleire skotske folkedansar før skottebesøk 26. januar</li> </ul>
<b>Kantine</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Læra å planleggja og gjennomføra matproduksjon for sal</li> <li>• Læra om marknadsføring av produkt for sal</li> <li>• Læra om budsjett</li> </ul>
<b>Friluftsliv</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sporlaus ferdsel</li> </ul>
<b>Design</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Læra å bruka eigna design- og handverksteknikkar og verktøy til å forma ut produkt i ulike materiale.</li> </ul>
<b>Olweus</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Klassemiljø</li> <li>• Korleis skal me oppføra oss mot kvarandre</li> </ul>

## INFORMASJON TIL HEIMEN

### Godt nytt skuleår!

#### Foreldremøte

Det blir foreldremøte onsdag 17. januar kl 18.00 i Aulaen. I møtet vil du få viktig informasjon om vårsemesteret, og Erling Knutzen vil gå i gjennom all viktig informasjon i forhold til innsøkinga til vidaregåande skule.

**Terminslutt**

Fredag 12. januar er det terminslutt. Onsdag 17. januar vil elevane få ei undervegsvurdering og karakterar i alle fag på Visma.

**UTV**

Elevane har dette skuleåret hatt 1 time UTV pr veke, men frå veke 3 vil elevane få fri denne timen. Oppdaterte timeplanar blir lagt ut på heimesida. Erling Knutzen har siste UTV-time med elevane i veke 2, og det er viktig at alle elevane får ordna med minID eller bankID. Sjå meir info under heimearbeid.

**Vinterball**

Torsdag 25. Januar kl 19.00-22.30 skal det vera vinterball for alle elevane på skulen. Meir informasjon om arrangementet kjem.

Helsing oss på 10.trinn

**HEIMEARBEID VEKE 2**

<b>Utdanningsval</b>		Ta med MinID eller BankID til timen. Me legg inn første utkast til vgs-søknad på <a href="http://www.vigo.no">www.vigo.no</a> . Du kan endre denne så mykje du vil fram til 1.mars (for dei som søker ordnært). Søknaden blir ikkje sendt nokon stad, men 1. mars blir din tilgang til val-sida i vigo blokkert. Det er ikkje mogleg å endre søknaden etter 1. mars.
<b>Norsk</b>		Les 3x20 min i boka di. Rapportar sidetal og oppdater OneNote under "Bøker eg har lese".
<b>Matematikk</b>		I oppgåveboka: 2.126, 2.127
<b>Samfunnsfag</b>		Les s 57-64 eller <a href="#">Holocaust – jødehat sett i system @ Aunivers</a> Svar på Finn svaret s 64 eller nedst i lenken, skriv på ON
<b>Naturfag</b>		Finn ei aktuell og omstridd sak som handlar om arealendring lokalt/ nasjonalt. Det kan vere utbygging av urørt natur, vegbygging, eller nedbygging av matjord: Legg inn lenke og oppsummer saka. Kor skjer det? Kva type arealendring? Kvifor? Kva negative konsekvensar har det?
<b>Spansk</b>		Gloseprøve på torsdag: veret
<b>Tysk</b>		Sjå ON-Hjemmearbeid-Woche 3
<b>Arbeidslivsfag</b>		Skriv i loggen
<b>Kroppsøving</b>		<b>Basis:</b> Hugs å ta med gymklede og <u>sko</u> til å vera inne. <b>Symjing:</b> Partallsveker:10AC. Oddetallsveker: 10BD
<b>Musikk</b>		Når me lærer skotske folkedansar, må du ha fokus på dei tre læringsområda (som òg er vurderingskriteria): Rette rørsler, rett takt (lytte) og deltaking/innleving.
<b>Kantine</b>		Møt på kjøkken med hårstrikk og forkle
<b>Friluftsliv</b>		Avspasering veke 2, 3 og 4.

HEIMEARBEID VEKE 3		
Norsk		Les 3x20 min i boka di. Rapporter sidetal og oppdater OneNote under "Bøker eg har lese".
Engelsk		Lag eit venndiagram med tre sirklar om landa Nigeria, Sør Afrika og Australia.
Matematikk		I oppgåveboka: 2.131, 2.132
Samfunnsfag		Arbeid med oppgåven: Grei ut om eit Folkemord, forklar årsaker, hendelsesforløp og kva det førte til.
Naturfag		Arbeid med podcasten om truslar mot biologisk mangfald
Spansk		Oversett teksten du fekk av læraren. Lever på ON (Gonzalo) eller Teams (Kristian)
Tysk		<u>Gruppe Anastasia</u> : test/diktat på torsdag (sjå ON-Hjemmearbeid-Woche 3)
Arbeidslivsfag		Skriv i loggen
Kroppsøving		<b>Basis:</b> Hugs å ta med gymklede og <u>sko</u> til å vera inne.  <b>Symjing:</b> Partallsveker:10AC. Oddetallsveker: 10BD
Musikk		Når me lærer skotske folkedansar, må du ha fokus på dei tre læringsområda (som òg er vurderingskriteria): Rette rørsler, rett takt (lytte) og deltaking/innleving.
Kantine		Møt i 10 B sitt klasserom.
Friluftsliv		Avspasering